

## Møtereferat

Dato: 22.04.2015

Emne:	<b>Møtereferat om Skulebruksplanen</b>	
Til stades:	Frå Fana gymnas: Rektor Leif Sigurd Danielsen, ass.rektor Lisbeth Norendal, elevinspektør Thomas Nundal, avd.leiar Inger Lise Sleire, avd.leiar Dag Karlsen, leiar administrasjon Sylvi Nøst.  Frå hovudtillitsvalde: Omstillingstillitsvald Sigrid Sve Låstad.  Frå opplæringsavdelinga: Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim, seksjonsleiar fellestenester Birthe Haugen, seniorrektor Per Morken, regionleiar Annbjørg Laupsa.	
Forfall:	Sak: 2014/10030-25	
Møtetid:	07.04.15 kl. 14.30 – 15.45	Møtestad: Fana gymnas

**Møteleiar: Annbjørg Laupsa**

**Referent: Annbjørg Laupsa**

### Bakgrunn og målsetting

Møtet var ei oppfølging frå 02.02.15, med same målsetting om openheit og informasjon kring arbeidet med *Skulebruksplanen*.

### Heilskapleg vurdering av studiespesialiserande utdanningsprogram

Utfordringane med studiespesialiserende utdanningsprogram i Stor-Bergen var også denne gongen tema i møtet, og Per Morken gjennomgjekk deler av dette vha ein PP-presentasjon. Det er verd å merka seg:

- Endringane i MK frå yrkesfagleg til studiespesialiserende utdanningsprogram (truleg oppstart 2016).
- Endringane frå studiespes. med formgjeving (STFO) til Kunst, design, arkitektur (KDA).

Begge desse utdanningsprogramma vil kunna ha same søkjargruppe som ordinært studieførebuande program. Prognosar viser lavare elevtal fram mot 2021/2022. Det vert stilt spørsmål ved om ein bør ha eit lenger perspektiv enn 2020/21, og om ein har teke høgd for framtidig bydelsutvikling (fortetting). Det viser seg vanskeleg å dimensjonera for meir enn 6 år.

Hordaland har lavare gjennomføringsgrad enn landsgjennomsnittet, og målsettinga er å endra dette. Her ynskjer HFK:

- Redusera talet på skular med studiespesialisering, for at tilboda skal vera berekraftige. Det er overkapasitet på ST i Stor-Bergen og det er også ein overkapasitet i Bergen-sør.
- Store, berekraftige fagmiljø, med fire parallellear på alle trinn (unntak for distriktskular). Det må vera breidde og fleksibilitet i tilboda. Store skular kan enklare gjera endring i tilbodsstrukturen.
- Tilboda konsentrert rundt knutepunkt/regionsenter, der ein freistar redusera reisevegen for elevane.

Det vert stilt spørsmål ved om det er samanheng mellom storlek på skule og gjennomføring, og om ein skule kan bli for stor i høve til å ha nærleik til elevane? I nasjonalt perspektiv er dei største skulane våre mellomstore, og elevane vert godt ivaretakne.

## Fana gymnas

Fanaungdommar går i stor grad på studiespesialiserande utdanning. Dei søker lite til sentrum, og få sentrumselevar søker til Fana. Det er 32 primærskjellarar til 120 skuleplassar på VG 1 skuleåret 2015/2016. Dette er ein stor nedgang i høve tidlegare år. Søkjer elevane seg til skular med god bygningsmasse, eller søker dei til skular med breidde i tilboda? Kan nedgang i primærskjartalet skuldast at ungdommane trur skulen vert nedlagt (sjølvoppfyllande profeti)?

I førre *Skulebruksplan* vart Fana gymnas føreslått nedlagt frå 2016. Ny vurdering skal gjerast våren 2015. Fylkesdirektør opplæring held på innstillinga fra *Skulebruksplanen*, der Fana gymnas er føreslått nedlagt. Hovudargumenta for nedlegging er overkapasitet i STSP, ny befolningsprognose viser ikkje stor elevtalsauke, skular med STSP bør ha fleksible miljø med stor breidde og Fana gymnas manglar universell utforming.

Dersom Fana gymnas vert føreslått nedlagt, er det svært viktig å ha ein konkret tidsplan for framdrifta slik at ikkje eit nedleggingsvedtak vert følt som ei «seigping». I saksutgreiinga er det viktig å vera klar over ordbruken ein nyttar, slik at ikkje saka vert framstilt for negativt.

Ein god prosess er svært viktig for å ivareta dei tilsette, og det er viktig å kjenna til korleis ein tenker overføringa til andre skular. Tilhøyrigheten til og identiteten til tilsette må takast omsyn til. Det er pr dato ikkje avklara kva skular som vil kunna ta imot elevar og tilsette frå Fana gymnas. I *Skulebruksplanen* er både Sandsli vgs og Langhaugen vgs nemnde.

## Vegen vidare

Rektor ved Fana gymnas informerer tilsette om innhaldet i møtet me har i dag. Omstillingstillitsvald har kontakt med lokal tillitsvald.

Det skal haldast eit møte i Stor-Bergen 13.04.15, der skular med studiespesialiserande program vert invitert med. (Møtet utsett til 20.04.15)

Dersom det vert gjort vedtak om nedlegging, vil omstillingstillitsvald og regionleiar bidra i prosessen med vidare arbeid. Synspunkta til leiinga om tidsplan mm vil bli høyrde.

Fana gymnas har elevar i to innføringsklassar. Desse er i *Skulebruksplanen* føreslått flytta til Nordahl Grieg vgs. Desse elevane må også ivaretakast godt, og vedtaket må innehalda noko om desse klassane.

Kommuneproposisjonen skal handsamast i juni, og ein må vera førebudd på at ansvaret for å driva vidaregåande opplæring kan bli lagt til det nye regionnivået/dei største bykommunane.

**Fylkesdirektør opplæring presiserte at det er politikarane som gjer endelege vedtak, og dei kan koma med andre framlegg.**